


strauert emr.
= ynstið for spridd bustadkyrji.
orange emr.
= ynstið for naustformál.



Statens vegvesen

Marita Otterå Rykkje
5392 STOREBØ



Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:
Anne Marta Espelund - 55516432

Vår referanse:
2014/056803-004

Dykkar referanse:

Vår dato:
22.08.2014

Uttale - Austevoll kommune.

Dispensasjon frå kommuneplan og søknad om utvida bruk av eksisterande avkjørsle på gnr. 59 bnr. 1.

Vi viser til søknaden din motteke 7. mai 2014. Søknaden gjeld utvida bruk av eksisterande avkjørsle for tilkomst til ein bustad (frådeling), gnr. 59 bnr. 1 i Austevoll kommune.

Før Statens vegvesen handsamer søknader etter veglova, skal omsøkte tiltak avklarast etter plan- og bygningslova. Området der nytt bygg er søkt oppført er uregulert, og vist som område for naust og område for landbruk, natur og friluftsliv (LNF) i arealdelen i kommuneplanen. Bustad fell ikkje innanfor føremåla. Eigedomen kjem òg i konflikt med omsynssone H-190, trafo og høgspenkabel. Kommunen er planmynde og avklarar ein eventuell dispensasjon.

Statens vegvesen har rett til å uttale seg i dispensasjonssaker som gjeld vårt saksområde. Vi har òg klagerett i slike saker. Nedanfor fylgjer ein førehandsuttale i denne saka.

Førehandsuttale

I søknaden vert det opplyst at 1 hytte, 1 næringsbygg og 3 bustader nyttar eksisterande avkjørsle frå fv 156 hp 07 km 10,717 til området. Fartsgrensa på staden er 80 km/t og årsdøgntrafikken er 1500 bilar. Fylkesvegen forbi området er omlag 6 meter brei og har ikkje eige tilbod til mjuke trafikantar. Busslomme med busstur ligg rett vest for avkjørsla.

Etablering av fleire bustader i dette området vil etter vår vurdering vere i strid med dei rikspolitiske retningslinene for samordna areal- og transportplanlegging. Der heiter det mellom anna at arealbruk og transportsystem skal utviklast slik at dei fremjar samfunnsøkonomisk effektiv ressursutnytting, med miljømessige gode løysningar, trygge lokalsamfunn og bomiljø, god trafikktryggleik og effektiv trafikkavvikling. Ny bustadetablering i området bør skje i område der det er tilrettelagt for mjuke trafikantar.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Spelhaugen 12
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52

Avkjørsla er plassert i ei kurve, og er i praksis to avkjørsler, der ein ser ut til å velje køyremønster utifrå om ein kjem frå nord eller sør. Fartsreduksjon ved innkøyning er liten. Tilkomstvegen stig frå fylkesvegen opp til eit høgbrekk etter omlag 32 meter (sjå bilete). Kombinasjonen med høg fart og uoversiktleg høgbrekk kan føre til ulykker. Sikt i avkjørsla retning Storebø er ikkje tilfredsstillande. Slik avkjørsla ligg i dag stettar ho ikkje dei gjeldande tekniske krava som handbøkene gjev.





Konklusjon

Med bakgrunn i vurderingane ovanfor rår Statens vegvesen frå at det vert gjeve dispensasjon i denne saka. Det kan ikkje påreknast at Statens vegvesen vil gje løyve til utvida bruk av eksisterande avkjørsle slik ho ligg i dag.

Vi minner om at Statens vegvesen skal ha eit eventuelt vedtak om dispensasjon tilsendt for klagevurdering.

Plan og forvaltning - Bergen
Med helsing


Odd Høydalsvik
sjefingeniør


Anne Marta Espelund

Kopi: Grunneigar: Oddvin Inge Otterå, 5392 Storebø
Austevoll kommune, postmottak@austevoll.kommune.no
Hordaland fylkeskommune, Planavdelinga, regional@hfk.no
Fylkesmannen i Hordaland, Plan- og beredskap, fmhopostmottak@fylkesmannen.no

Vedlegg 5

Statens Vegvesen

Region Vest

Marita Otterå Rykkje

5392 STOREBØ

Storebø, 29.08.2014

Klage på uttale, ref 55516432, referanse 2014/056803-004 Gnr 59, bnr 1 i Otterå, Austevoll kommune.

Eg meiner at avgjerda er teken på feil grunnlag og vil klage på vedtaket.

Området der tomte er søkt avdelt er regulert til spreidd bustad, men ved ein feil har kommunen gløymd å teikna inn område som er for spreidd bustad. I forskriftene står det at det er gjeve løyve til fleire bustader der i planperioden, dette er rett og slett berre gløymt innteikna. Dette kan både Austevoll Kommune og tidlegare ordførar Helge Andre Njåstad bekrefte, og det er bekrefte til meg i møte før eg sendte inn søknaden. Området kan og sjåast i tidlegare kommuneplan.

Vedlegg 1: Vedtak om endring i kommuneplan, spreidd bustad i Otterå.

Avkøyrsla er oversiktleg og grei, eg kjenner ikkje meg att i det som er beskrive i vedtaket. I svarbrevet står det ikkje definert kva som evt burde utbedrast for å godkjenne søknaden teknisk. I mine auge er dette blant dei beste avkøyrslene ein finn i 80-sonene i Austevoll. Den er og utbetra i seinare tid, med breiare veg og god sikt til begge sider.

Eg har mine tvil til at årsdøgntrafikken er 1500 bilar, men dette er statistikk eg ikkje kan motbevis.

Biletet som er teke og vist i svarbrevet, visar ikkje vegen eller avkøyrsla. Ein bør etter mitt syn og visa bilete av sjølve avkøyrsla dersom dette skal vera ein del av svarbrevet til både kommune, fylkeskommune og fylkesmann.

Vedlegg: Bilete som eg har teke frå avkøyrsla i går ettermiddag.

Statens Vegvesen si sakshandsaming har og teke lang tid. Min søknad vart sendt inn i byrjinga av mai, og svaret kom i dag, 28 august. Eg bad i telefonen om å få vera med på befaringa som var sett til 30 juni, dette skulle vera mogeleg sa sakshandsamaren, men ingen tok kontakt verken før eller etter for å avklara noko. Mykje kunne vore oppklart der og då.

Eg håpar difor at de vil sjå på saka på nytt, sidan de no har ny informasjon. Og ver så snille å ta kontakt dersom noko er uklart.

Med beste helsing

Marita Otterå Rykkje

Telefon 91661095

mot@dof.no